



MAKOMP

- eit kompetanseprosjekt av MAFOSS

I samarbeid med Møre og Romsdal Fylkeskommune og Sparebanken Møre

Samarbeidsavtale for tilsette

Innleiing

MAFOSS og lokalt næringsliv har ilag sett på bemanningsutfordringane i den maritime klynga lokalt, og samarbeider om å prøve ut eit nytt konsept som vi kallar MAKOMP. Noko av utfordringa er variert tilgang på oppdrag og store variasjonar i bemanningsbehov, og både tilsette og bedriftene ønsker meir stabile og trygge arbeidsplassar. Gjennom dette prosjektet har MAFOSS sagt seg villig til å vere ei felles plattform med samkøyrde reglar, der bedrifter melder inn ledig kapasitet eller behov for å leige inn personell.

Mål for prosjektet

Formålet er å leggje til rette for inn- og utleige av personell slik at dei ulike bedriftene som ynskjer innleige eller utleige effektivt kan kome i kontakt med kvarandre. Målsetjinga er å trygge arbeidsplassar, verne om- og utvikle tilsette sin kompetanse og å styrke bedriftene si konkurransekraft gjennom betre tilgang til fagressursar.

Samarbeidsavtale

Dersom du ønsker å være del av dette prosjektet kan du signere denne avtala. Avtala er eit samtykke til din arbeidsgjevar om at dei kan registrere din kompetanseprofil hos MAFOSS som «open for» moglege utleige. Ditt namn vert ikkje registrert i registeret.

Det er frivillig for deg å signere. Det er eit vilkår for utleige at din arbeidsgjevar inngår avtale med ei anna bedrift om utleige, men dersom du signerer avtala medfører det ein auka sjanse for at du vert førespurd. Utleige inneberer at du held fram med å vere tilsett hos din arbeidsgjevar, men at du i periodar med arbeidsmangel midlertidig kan bli leigd ut til andre bedrifter som i ei midlertidig periode treng ekstra arbeidskraft. Denne avtala endrar ikkje dine rettar som tilsett, og du skal ha løn, ferie og eventuell permisjon m.m. etter avtale med din arbeidsgjevar som normalt. Du er ikkje forplikta til å bli leigd ut sjølv om din profil er registrert i registeret. I periodar med midlertidig arbeidsmangel kan imidlertid utleige gjere at ein kan unngå permitteringar og nedbemanning på sikt.

Om du er utleigd vil du i utleigeperioda utføre ditt arbeid andre stader enn din ordinære arbeidsplass og vere under innleigers leiing og instruksjon i det daglege arbeidet som gjerast for innleiger. Innleigar skal informere, lære opp og kontrollere innleigde medarbeidarar på same måte som sine egne tilsette om innleigebedrifta sine HMS-reglar og er ansvarleg for at arbeidsforholda på arbeidsstaden er i samsvar med arbeidsmiljølovens bestemningar. Du er pliktig til å sette deg inn i og fylgje innleigebedrifta sine reglar og bestemningar.

MAFOSS vil ikkje ha noko rolle i utleiga anna enn å etablere og administrere nemnde register.

Tieiplikt

Du har tieiplikt om bedriftssensitiv informasjon og personopplysningar m.m. som du får kjennskap til under eit oppdrag for innleigar. Du kan ikkje bringe med deg skriftlege arbeidsmaterialar eller dokument ut av innleigar sine lokale utan å ha innhenta særskilt tillating til dette.

Personopplysningar og personvern

Dersom nokon ynskjer å leige ein arbeidstakar med din faglege profil som registrert, vil din arbeidsgjevar få beskjed og bli satt i kontakt med den potensielle innleigebedrifta. Ditt namn vil dermed fyst bli utlevert (direkte) til innleiger frå din arbeidsgjevar dersom innleige faktisk vert aktuelt og avtalt. Dersom du ynskjer å lese meir om dine rettar og kva personopplysningar som vert registrert kan du lese den vedlagte personvernerklæringa.

Stad/dato:

_____ (signatur)

Namn: